



ROGALAND  
FYLKESKOMMUNE

**FYLKESRÅDMANNEN**  
Kulturavdelingen

Karmøy kommune  
Rådhuset  
4250 KOPERVIK

18.02.2015

Deres ref.: 14/2321

Saksbehandler: Solveig Roti Dahl  
Direkte innvalg: 51 51 66 96

Saksnr. 15/3584-2  
Løpenr. 11345/15  
Arkivnr. V21

**KARMØY KOMMUNE GNR 89 BNR 1 - NYDYR KING - UTTALE FRÅ SEKSJON FOR  
KULTURARV**

Rogaland fylkeskommune viser til søknad om nydyrking som vart motteken her  
10.02.2015.

Rogaland fylkeskommune, seksjon for kulturarv, har vurdert søknaden som  
sektormyndigheit innanfor kulturminnevern.

Ut frå kart- og arkivsjekk kan vi ikkje sjå at det omsøkte tiltaket vil kome i konflikt med  
automatisk freda kulturminne. Vi har på den bakgrunn ingen merknader til den aktuelle  
nydyrkinga, utover at ein under opparbeidinga av feltet prøver å unngå inngrep i /skade på  
eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter  
m.m.

Rogaland fylkeskommune vil også understreke at sjølv om det pr. i dag ikkje er kjent  
legalfreda kulturminne i planområdet, må eventuelle funn ved gjennomføringa av planen  
straks bli melde til Rogaland fylkeskommune, og alt arbeid må stansast inntil  
vedkommande myndigheit har vurdert/nærare dokumentert funnet, jfr. Lov om  
kulturminner § 8, 2. ledd.

På vedlagt kart er området for utfylling avmerka, men det er ikkje informasjon om djupn på  
tenkt påfylling. Vi ber kommunen vurdere om saka skal handsamast etter plan- og  
byggningslova dersom djupna på påfyllinga krev dette. Rogaland fylkeskommune må få  
tilsendt saka på nytt dersom den skal handsamast etter plan- og byggningslova.

Vi ber om å få tilsendt kopi av kommunen sitt vedtak.

Med helsing  
Seksjon for kulturarv

Jan G. Auestad  
fylkeskonservator

Solveig Roti Dahl  
rådgjevar

Kopi: Fylkesmannen i Rogaland

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.*

POSTADRESSE  
Postboks 130 Sentrum  
4010 STAVANGER

BESØKSADRESSE  
Arkitekt Eckhoffsgt. 1  
STAVANGER

TELEFON  
51 51 66 00

TELEFAKS  
51 51 68 90

BANKGIRO: 3201.05.50520

E-POST: firmapost@rogfk.no

INTERNETT: www.rogfk.no